

Risvika, Sund

121.603

1967-1968



S K J Ø T E .

70
+ 5

Underskrevne Torstein Trellevik, ^{og hustru Borghild} Tyrnevik i Sund,

født _____, skjøter og overdrar herved til Bergen

og Omland Friluftsråd, Bergen, mine eiendommer:

gnr. 22 bnr. 4 Risvika i Sund

" 22 " 11 Risvika friareal, utskilt fra bnr. 3, Sund.

Kjøpesummen utgjør:

kr.7.000,- kroner sjutusen o/100

som er oppgjort mellom partene.

Eiendommen overtas av kjøperen i foreliggende stand med tilliggende rettigheter og forpliktelser, fri for heftelser.

Trellevik, den 18.april 1968.

Torstein Trellevik
.....
Torstein Trellevik

Tiltres av underskrevne ektefelle: *og medeier*

Borghild Trellevik
.....

Vi bekrefter herved at dette skjøte er underskrevet i vårt nærvar og at underskriverne er over 21 år.

Trellevik, den

Magnus Sole *Laura Sole*



Dok. nr. 1893 1968 dagbokført ved
Sofra Sorenskrivarembete 23 APR. 1968

Inført i grunnbok
Avskrift i skjøtebok A. nr. 74 pantebok. B. nr.

Tinglysingsgebyr kr. 20,- betalt

Mulige heftelser vil bli anmerket mot lovbestemt gebyr

Handwritten signature: p. H. H. H. H. H.

Handwritten mark: n f.

Skyldskifte

Tre dag den 1. 12 1967 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Trellevik gr.nr. 22 br. nr. 3 med skyld mark 0,98 i Sund herad. Torstein og Borghild Trellevik har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel

til egedomen.¹⁾ Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾

Ved tenesta møtte Av partane³⁾ Torstein Trellevik

Av grannane³⁾

Til formann vart vald Nils Edv. Vorland

Opplysningar om den/dei part/partar av egedomen som er fråskild:

1. Vidde: Dynka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde 8,4 dekar — i alt 8,4 dekar.

2. Grensene⁴⁾ till den/dei fråskilde part/partar: Bytelinene tek til i sudaustre hyrne med kross i berg, går i vestleg retning 99 m. til kross i berg, føl så sjøstranda i nor og nord-austleg retning 190 m. til kross i berg, og vidare i sudleg retning 185 m. attende til utgangspunktet. Parsellen grensar i sud til hovudbruket og til br. nr. 7 av gr. nr. 22, i vest og nord til sjøen og i aust til hovudbruket.

o/o

¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde egedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)
²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den..... 19..... (underskrift.» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.
³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).
⁴⁾ Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedommen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den egedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

Parselleigaren får rett til veg over hovudbruket etter
nerare påvist stad.

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skog-
bruk?¹⁾ Ja.

2. Finn skylddelingsmennene det godtgjort at den parsellen som no vert fråskilt
eigedommen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?²⁾
..... Ja.

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedommen til kjem inn under delinga?³⁾
Ingen.

¹⁾ jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (jordlova).
²⁾ jfr. § 54 (jordlova).
³⁾ jfr. § 55 (jordlova).

Me vitnar:

- a) At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Likevel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten:

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er.¹⁾

- b) At kvart bruk har fått eit so ilagleg skap for fredning og drift som det er høve til. Skylda på den/dei fråskilde part/partar er sett til mark 0,02 med frådrag.

Hovudbruket har att ei skyld på mark 0,96

Hovudbruket har att denne vidda: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbeite dekar, produktiv skog dekar, anna vidde dekar, i alt dekar.

Den/dei fråskilde part/partar fekk bruksnamnet²⁾ " Risvika Friareal ".

Kostnaden med skyldskiftet og tinglysinga ber: ³⁾ Kjøparen.

Bergen og Omland Prilufferåd

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markeskillet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtyding og i samsvar med skjønsmannslovnaden.

Me har vedteke at herr Farøvik, Nygårdsgt. 34, Bergen skal senda skyldskiftedokumenta til sorenskrivaren til tinglysing.

Vedteke:

Kib Edv. Urdland
Halvar Toft
Eirik Toft

Torstein Trellevik
Borghild Trellevik
* Erling Felli (na bo)

¹⁾ Stryk det som ikkje skal vera.

²⁾ Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålment nytta, jfr. § 24 i lova om skyldskifte.

³⁾ Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnaden ved skyldskifte, skal skyldskiftemennene avgjera det.

Går till jordstyre.

Fråsegn frå jordstyret:

.....
.....
.....

....., den 19.....

formann

sekretær

Går till landbruksselskap.

Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:

.....
.....
.....

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland har
gjeve samtykkje til frådellinga og salet

....., den 19.....
Bergen, 23/2 1968

E.f.

Sant E. Moberg

formann

fylkeslandbrukssjef

Godteke til tinglysing 19.....

Tinglyst

Den/der fråskilde part/partar har fått gr.nr. 22 br.nr. 11

923

Dok. nr. 1968 dagbokført ved

Soira Sorenskrivarembete 26-FEB. 1968

lanført i grunnbok

For tinglysing kr.....

Avskrift i skjøtebok A. nr. 73 partebok. B. nr. —

Tinglygingsgebyr kr. 30,- betalt

Anmerkes:

R. Munn

Oppnemning av skyldskiftemenn

Etter krav frå Torstein og Borghild Trellevik som har grunnboksheimel
til eigedomen Trellevika gr. nr. 22 br. nr. 3

med skyld 0 mark 0298 øre i Sund

nemner eg opp desse til å halda skyldskifte på og over nemnde eigedom:

1. Nils Edv. Vorland, Vorlandsjø.
2. Salamon Toft, Døscherholmen.
3. Eirik Toft, Døscherholmen.

og varamenn:

1. Halvor Toft, Steinsland.
2. Halvdan Steinsland, Steinsland.

(Sjå lov nr. 2 frå 20. aug. 1901 § 1.)

For oppnemninga er betalt kr. ~~10~~—15,—

Fjell og Sund lensmannskontor 3. okt. 1967.

K. Holmgren

Føresegnene om skyldskifte o. a. finn ein i lov nr. 2 frå 20. august 1909 med tilleggslov frå 14. juli 1916 nr. 2. Jfr. lov frå 20. august 1915 nr. 11, lov frå 2. juli 1921 nr. 3, lov frå 9. februar 1923 nr. 2, § 21, og lov nr. 2 frå 7. juni 1935, § 41, 6.

§ 3 seier at bytelinene må få tydelege merke. T. d. kross i fjell eller store steinar, eller ved nedsette merkesteinar, dersom ein ikkje har andre høvelege bytemerke.

§ 4 seier at ikkje noko bruk må setjast i lægre skyld enn 1 øre. Det må ikkje nyttast brøk av øre. I dei høve eit nytt bruk får berre 1 øre i skyld, kan skyldskiftemennene om dei finn det rett, gjera vedtak om at dette ikkje skal gå til frådrag i skylda til hovudbruket.

§ 5 seier at skyldskiftemennene skal røkja etter om eigedomen tidlegare har sameige i inn- eller utmark. Det må ikkje skipast ny sameige. Men dersom skyldskiftemennene finn det lite tenleg å skifta meir, kan dei samtykkja i at noko eller all utmark er sameige. Dei skal sjå etter at kvart bruk får so lagleg skap som råd er, både med omsyn til freding og drift. Bruksrettar eller servituttar må ikkje takast med i skyldskiftetforretninga, utan at den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet kviler på, har vedteke heftet skriftleg.

§ 7 seier at skal ein eigedom skiftast i to eller fleire luter etter visse høvestal, skal mennene skifta utmarka i samband med skyldskifte dersom nokon av partane krev det. I slike høve kan mennene krevja å få den hjelp dei treng til oppmåling og lineoppgang o. l.

§ 8 seier at det må og koma med at det ligg føre prov på at grannar og andre som skyldskiftet kjem ved er varsla om tenesta, og kven av dei som møtte fram. Deretter skal det koma ei skriftleg utgreiing om rettar og skyldnader. Retningar og merke for bytelinene skal skildrast best mogeleg. Derimot skal dei ikkje skildra grenselinene mot granneigedomar soframnt eigaren ikkje er frammøtt og samtykkjer i utgreiinga. I skyldskiftedokumentet må og vera fullgod stadfesting på det som er nemnt i § 5, mellom anna at det ikkje er skipa ny sameige og om best mogeleg skap på eigedomane. Dei må og hugsa på føresegnene i § 24, om at eigedomen ikkje må gjevast eit bruksnamn som alt er nytta til ættenamn, dersom det ikkje er eit reint ålment namn.

§ 9 seier at formannen, eller den av skyldskiftemennene som vert vald til det, skal snarast råd levera den skrivne forretninga til sorenskrivaren til tinglysing.

Når det gjeld skyldsetjinga og skiftet etter § 7, kan skyldskiftetenester ankast til overskjøn. Krav om over skjøn må vera sett fram seinast 3 månader etter den fyrste tenesta er tinglyst.

Skyldskiftemenn skal ha kr. 20,00 for dag eller del av dag som går med til tenesta.

Dersom det vert halde fleire skyldskiftetenester på same dag, og etter krav frå den same, skal det leggjast full betaling for den fyrste tenesta og kr. 5,— for kvar av dei andre. Vert det skift ut fleire bruk eller stykke, reknar ein ei teneste for kvart.

Mennene har krav på skyss- og kostpengar etter det vanlege regulativet. Minste veglengda som ein må reise når ein skal kunna krevja skysspengar, er 3 km ein veg eller 6 km fram og attende. Kostpengar er kr. 7,— for reiser som varer frå 4 inntil 8 timar, kr. 15,— for reiser som varer over 8 inntil 12 timar og kr. 31,50 for reiser som varer meir enn 12 timar. Likevel slik at kostgodtgjersla ikkje må overstiga kr. 31,50 pr. døger. Dette og skal betalast av han som har kravt tenesta.

For skyldskifte i Finnmark gjeld serføresegnene i lov nr. 7 frå 22. mai 1902, § 3.

For tinglysing av skyldskifte- eller ny skyldskifteteneste, skal det etter § 51 betalast 20 kroner for kvart bruk som vert utskilt utan omsyn til kor stor skyld bruket har. Denne føresegna gjeld både tinglysing av ei vanleg skyldskifte- og ny skyldskifteteneste og overskjøn på ei slik teneste. Paragrafen kjem i staden for § 27, fjerde til åttande luten, i skyldskiftelova.